

## **Søknad om dispensasjon frå «områdeplan Lonelva Juvikvarden» i Lindås kommune for gbnr 185/116.**

Med heimel i plan og bygningslova §19-1, søker Lindås kommune – vegavdelinga, om dispensasjon frå gjeldande områdeplan for å flytte eksisterande avkøyrsl frå kommunal veg Juvikstølen til kommunal parkeringsplass. Parkeringsplassen ligg vis a vis Knarvik ungdomskule. Veg og parkeringsplass har gbnr 185/116.

### **Tiltak**

Det vert søkt om å få godkjent flytting av avkøyrsl frå kommunal veg Juvikstølen til kommunal parkeringsplass. Parkeringsplassen ligg vis a vis Knarvik ungdomskule.

Grunngjeving for å flytte avkøyrsla er å kunne betre trafikksikringa i området. Strekninga Lonsvegen-Juvikstølen er samleveg mellom E39 og fv57. I samband med større utbyggingar langs Lonsvegen og ny skule, var det naudsynt å sjå på vegstrekninga på nytt. Det vart vedteke å etablere 40 km/t langs heile strekninga.

Plassering av heva gangfelt for 40km/t ved ungdomskulen var teknisk vanskelig å få på plass slik avkøyrsla i dag er etablert. Den ville komme for nær avkøyringa eller for nær det heva krysset i same område.

Etter stort påtrykk frå foreldreutval og velforening, ser me på nye løysingar med å reetablere gangfeltet som heva gangfelt. For å få det til, må avkøyrsla flyttast ca. 10m slik situasjonskartet syner. Den gamle avkøyrsla vil bli fjerna når ny er på plass.

### **Reguleringsføremålet**

Området den nye avkøyrsla skal plasserast er rgulert som anna vegformål og fortau. Tiltaket ligg på kommunal grunn og grenser til kommunal grunn.

### **Konsekvenser for helse, miljø og sikkerhet**

Tiltaket vert utført for å betre trafikksikring i Juvikstølen. Dette er eit område kor det kryssar eit stort antal elevar dagleg til barne-, undoms- og vidaregåande skule. Vegavdelinga meiner at ved å flytte avkøyrsla får vi ei betre løysing enn den vi har i dag.

### **Nabovarsel.**

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Vegavdelinga vurderer det til at nabovarsel ikkje er naudsynt, då tiltaket fører til at avkøyrsla vert plassert i større avstand til naboeigedommen (gbnr 185/146).

### **Vedlegg:**

1. Situasjonskart.
2. Områdeplan Lonelva Juvikvarden.